

# **Innspel frå FUNK**

## **til kommuneplanen sin samfunnsdel**



Volda kommune

17.12.2015

# Notat frå møte i FUNK

Dette heftet er eit notat frå møte i FUNK 21.09.2015.

Arkivsak nr.: 2015/632

Volda kommune ynskte innspel frå Kommunalt råd for funksjonshemma (FUNK) til kommuneplanen sin samfunnsdel. På møtet 21. september 2015 gjekk planleggar frå kommunen gjennom dei åtte hovudtema i planprogrammet, og samla innspel frå rådet. Rådet vart bedd om å legge ekstra vekt på tema og problemstillingar som hadde spesielt med deira organ å gjere. Planprogrammet og utfordringsnotat for Volda kommune 2015 var sendt ut til rådet på førehand. Alle som var til stede på møtet fekk fyrst i oppgåve å notere mål og strategiar kvar for seg. Etterpå fekk deltakarane presentere og kommentere innspela for kvarande. Dei inkomne innspela er i etterkant samla og sortert etter tema.

## Innhald

Attraktivitet	s. 3
Busetting	s. 3
Volda i regionen	s. 4
Volda sentrum	s. 4
Folkehelse	s. 5
Klima og miljø	s. 6
Tenester	s. 6
Samfunnstryggleik	s. 7

TEMA: **Attraktivitet** folk - næring - trivsel

---

**Mål:**

Tilrettelegge for bedre fremkommelighet i Volda sentrum for rørslehemma.

**Strategiar:**

- Gjere det lett å finne fram i sentrum.
- Meir rom i butikkane.
- Betre fortau, gangfelt etc.
- Betre planlegging
- Vedlikehald
- Framkommeleg for dei som har handikap, eldre og born.

**Mål:**

Attraktivt for folk i alle aldrar.

**Strategiar:**

- Trivelege omgjevnadar, butikkar, at der er næringar av forskjellig art.
- Langsidig mål: kulturhus og hotel.
- Fleire sosiale møteplassar. Kafear.

TEMA: **Busetting**

---

**Mål:**

Bustadar for dei med samansette behov (fysiske og psykiske funksjonshemmingar).

**Strategiar:**

- Langsiktig planlegging med hjelp av brukargrupper.
- Kommunale bustadar som er tilrettelagt for funksjonshemma, ikkje alle er i stand til å kjøpe/finansiere sjølv.
- Gode og sentrumsnære tomter for utviklingshemma som er godt tilrettelagt utan "getto-utbygging".
- Vedlikehalde eller rive/bygge nye kommunale bustadar. Mykje gamle bygg.

**Mål:**

Bustadar for innvandrarak.

**Strategiar:**

- Bør vere rimelig sentralt beliggande (gruppa har i utgangspunktet ikkje bil).

**Mål:**

Tilbod om bustadtomter i alle krinsar.

**Strategiar:**

- Busetting må og gjelde distriktene utenfor Volda sentrum.
- Tomter - fortetting?
- Meir tomter til einestadar.
- Tilrettelegge for bedre kommunikasjon. Fly til Trondheim. Bedre boligområde. Bygder. Samlingsplasser (se til Trondheim).

## TEMA: **Volda i regionen**

---

### **Mål:**

Samarbeide over kommunegrensene slik at dei med funksjonsnedsettingar kan få nytte av gode tilbod i andre kommunar.

### **Strategiar:**

- Auke samarbeidet med andre kommunar.

### **Mål:**

Behalde sjukehus og høgskule.

### **Strategiar:**

- Ser at Volda slik den er no kan bli ein god regional plass.

### **Mål:**

Legge til rette for nye næringar.

### **Strategiar:**

- Få meir ut av dei arealene vi har i regionen.

## TEMA: **Volda sentrum**

---

### **Mål:**

Eit levande sentrum

### **Strategiar:**

- Framkommelighet (inne og ute).
- For å få eit levande sentrum må der tenkast helt nytt. Vanskeleg å få eit godt sentrum med noverane bebyggelse og haldningar.
- Ta vare på områda utanom kjøpesenteret for å ikkje få folketomme gater.

### **Mål:**

Betre parkering.

### **Strategiar:**

- Attraktivt parkeringstilbod: å vite at ein får parkeringsplass.
- Omstrukturere heile sentrum.

### **Mål:**

Mindre trafikk gjennom sentrum.

### **Strategiar:**

- Voldatunnel.
- Trafikken i Volda sentrum er skummel. Utrygt å ferdes med unger i Volda sentrum; kaotisk.

**Mål:**

Lett tilgjengelegheit for alle med gode vegar.

**Strategiar:**

- Tursti rundt Rotevatnet.
- Veg til Rotsethornet.
- Turveg rundt Rotevatnet.

**Mål:**

Tilrettelegge for at utviklingshemma kan vere fysisk aktive både i skuletida og elles.

**Strategiar:**

- Tilrettelegge slik at personer med nedsatt funksjonsevne kan delta i fotballfritidsordninga og andre fritidsaktiviteter.

**Mål:**

Fortsette den gode forebyggande verksemda.

**Strategiar:**

- Førebyggande helsebesøk.
- Det er utruleg godt merka og gode stiar og mange turar i Volda.
- Svømmehall i Volda sentrum.

TEMA: **Klima og miljø**

---

**Mål:**

Legge til rette for miljøvennleg transport.

**Strategiar:**

- Få fleire sykkelvegar.
- Ferdigstille gang- og sykkelsti fra Volda til Ekset.
- Gang- og sykkelveg mellom Ørsta og Volda må realiserast.
- Eksisterande og nye gang- og sykkelvegar må merkast som sykkelfelt og gangfelt.
- Satste på kollektiv framkomst.
- Bygge ut slik at det er gode kollektivtilbud i alle boligområder, gang og sykkelstier.
- Legge til rette for el-bilar.

**Mål:**

Tilrettelegge for at utviklingshemma kan vere fysisk aktive.

**Strategiar:**

- Gode skulevegar.

TEMA: **Tenester**

---

**Mål:**

Volda må ha eit godt tenestetilbod på alle plan.

**Strategiar:**

- Lett tilgjengeleg for alle å kome seg inn i offentlege bygg, og nytte offentlege tenestetilbod.
- Oppretthalde gode tilbod.
- Skule og helse: sluker mykje men er ganske godt fungerande.
- Send ut informasjon om hvor vi får de forskjellige tenestene, vanskelig i kommunen.
- Nok ressursar og nok folk.

TEMA: **Samfunnstryggleik**

---

**Mål:**

God forebyggjande rusverksemd.

**Strategiar:**

- Samarbeid mellom kommune og skular, t.d. helsesyster.
- Synlege patruljar i sentrum.
- Vere observant på fritidstilboda i kommunen - førebygge rekruttering.
- Oppfølging av dei som droppar ut av vidaregåande skule.
- God rusbehandling.

**Mål:**

At varslingen er god og at nødprosedyrene er utarbeida.

## Nyttige lenkar:



Kommuneplan for Volda. Planprogram. Framdriftsplan. Medverknad. Tall og statistikkar. Utfordringsnotat for Volda 2015.

Les meir på [www.volda.kommune.no/plan](http://www.volda.kommune.no/plan)



Aktivitetstilbod i Volda. Frivillige lag og organisasjonar.

Les meir på [www.volda.kommune.no/tenester/helse/folkehelse/fysisk-aktivitet/aktivitetsplanar.aspx](http://www.volda.kommune.no/tenester/helse/folkehelse/fysisk-aktivitet/aktivitetsplanar.aspx)



Kommunestatistikk på nett. Fylkesstatistikk.

<http://mrfylke.no/Tenestekomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser>



Planlegging etter plan- og bygningsloven. Nasjonale forventningar. Folkehelse. Kommunal planlegging. Samfunnssikkerhet. Universell utforming. Informasjon frå regjeringa.

Les meir på [planlegging.no](http://planlegging.no)



### Volda kommune

Stormyra 2  
6100 Volda

[postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no)

Telefon: +47 70 05 87 00

Faks: +47 70 05 87 01

Åpningstider: 08.00–16.00

